

# Kirurggen

TIL MEDLEMMER AV NORSK KIRURGISK FORENING

www.kirurggen.no NR. 3/2018



NORWEGIAN SURGICAL SOCIETY

HUSK  
HØSTMØTET  
23. - 26. oktober

Tema:  
**Bukveggen**

**FORENING:**  
FUNK

**NORGE RUNDT:**  
VOLDA SJUKEHUS

# VOLDA SJUKEHUS - kirurgisk avdeling

Alpesjukehuset. Trivselssjukehuset.

Bygdebyen Volda ligg i hjartet av Sunnmørsalpane, som saman med Lofoten og Romsdal kan skryte av å ha den flottaste naturen i landet. Av frykt for represalier frå nynorskmafiaen blir sjølvsgatt denne artikkelen skriven på korrekt målform, altså nynorsk. For Volda er nynorskens høgborg! Ivar Aasen-museet i Hovdebygda ligg berre 5 minutt frå sjukehuset, midt mellom bygdene Volda (sjukehus og høgskule) og Ørsta (industri og råning). Bygdene er no i ferd med å vekse saman til ei storbygd med ca 20 000 menneske, utan at innbyggjarane av den grunn ønska kommunesamanslåing.

## Jon Backer Hjorthaug

jon.backer.hjorthaug@helse-mr.no  
Seksjonsoverlege, Kirurgisk avdeling,  
Volda Sjukehus

Milliardinvesteringar i spenstige vegprosjekt på Søre Sunnmøre har sørge for eit betydeleg større pasientgrunnlag for sjukehuset. Kvivsvegen (tunell mellom Nordfjord og Volda i sørvest) og Eiksundtunnelen (verdas djupaste undersjøiske tunnel) mot Ulstein/Hareid og Fosnavåg i nord samlar ein større region rundt sjukehuset. Akuttkirurgien er dessutan nedlagt på Nordfjordeid, noko som gir ein ikkje ubetydeleg pasientstraum frå nabohelseforetaket i sør-vest. Volda Sjukehus er no næraste kirurgiske akuttilbod til om lag 80 000 menneske. Vi held til i ein dynamisk og innovativ region, med stor verdiskaping, der forventningane til og engasjementet for lokalsjukehuset er store.

Fjella og fjordane rundt sjukehuset gir unike høve for aktivt friluftsliv. Og folk veit å nytte naturen! Aktivitetane blir stadig meir risikofylte, og mykje av det som skjer i fjella fell under kategorien ekstremisport. Det blir kjørt bratt på ski, klatra i fjell og is, surfa eller kita på fjorden eller hoppa frå fjell med fallskjermar av ulik utforming og storleik. I Loen er det bygd via ferrata og gondolbane til eit av verdas beste utsprangsstader for basehopping og speedflying. Sunnmøre og Nordfjord er langt på veg eit Mekka for ekstremisport.

Morgonmøtet på mandagar fokuserer typisk først på helgas bestigningar og toppturar, før ein går over til vaktrapport. Vi ser tydeleg at entusiasmen for det nye friluftslivet trekk både spesialsjukepleiarar og legar til sjukehuset. To av legane i kirurgisk avdeling er til dømes medlemmar i Sunnmøre Alpine redningsgruppe. Ekstremisporten rekrutterer også pasientar til sjukehuset.

## Organisering

Helse Møre og Romsdal (HMR) er det sørlegaste av dei fire helseforetaka i Helse Midt-Norge. Og Volda Sjukehus er det sørlegaste av dei fire sjukehusa i HMR. Vi ligg heilt på grensa mot Sogn og Fjordane og Helse Vest. Kirurgien i HMR er sidan 2017 organisert i ei felles avdeling, med 4 kirurgiske seksjonar fordelt på kvart sjukehus.



Figur 1: Kir avd Volda på taket av sjukehuset. Fra venstre: Alf Marius Raaberg, Asbjørn Kravik, Gunnhild Nerbøvik, Therese Saunes, Stein Tjessum, Lars Martin Rekkedal, Olav Skjærpe Brattli, Sindre Vallner, Sigve Høydahl og Jon Backer Hjorthaug.



Figur 2: You only live once: To stk helsepersonell på Saksa ved Hjørundfjorden.

Volda sjukehus har alle obligatoriske basisfunksjonar, jfr Legeforeninga sitt vedtak om slike. Det er fødesamarbeid med Nordfjord, slik at Volda har over 500 fødselar årleg. Generellkirurgiske, gastrokirurgiske, urologiske, ortopediske og gynekologiske pasientar deler på den kirurgiske sengeposten vår, med totalt 22 senger. På overlegesida har vi 2 urologar og 4 gastrokirurgar, der den eine for tida er avdelingssjef for heile HMR. Overlegane går 4-delt vakt, i all hovudsak passiv heimevakt. Det er 6 LIS 1 i seksjonen og 3 LIS 2 kirurgi.

## LIS-utdanning

Assistentlegane går hjå oss raskt inn i produksjonslinja. Dei får operere stort sett så mykje som dei evner, som regel i lag med overlege. Og lærer slik raskt å operere laparoskopiske lyskebrokk (TEP) og gallar. Dei fleste elektive inngrepa er standardiserte i detalj, og vi jobber med utvikling av felles operasjonsprosedyrer i heile HMR. LIS 2 har høve til å ta del i endoskopiverksemnda og blir som regel sjølvgåande på både gastro- og koloskopi. LIS 2 går i 6-delt felles mellomvaktstilt med ortopediske LIS 2. Det er aktiv vakt til kl 2000, deretter passiv heimevakt.

## Urologi

Vi har 1 urolog i full stilling, og ein i 50 % stilling. Urologisk seksjon har ca 1600 polikliniske konsultasjonar i året og betjener befolkninga på Søre Sunnmøre og dei nordlegaste kommunane i Sogn og Fjordane, ca 70.000 innbyggjarar. Vi utreder alle



Figur 3: Dr Saunes på vei opp på spenstige Søre Sætreind. Foto ved Seksjonsoverlegen.

vanlege urologiske problemstillingar. Den operative verksemda innbefatter hovudsakeleg transurethral kirurgi med 100-120 inngrep årleg. Det vert gjort alle typer dagkirurgiske inngrep, stort sett konsentrert til ein dag i veka. Større urologisk kreftkirugi, til dømes nefrektomi, skjer i Ålesund.

## Gastrokirurgi

Vi har kvar dag stor aktivitet på operasjonsstovene, og er blitt ein viktig operasjonsmotor i foretaket. Vi har ikkje seksjonert dagkirurgi, noko som gir store utfordringar med logistikk og pasientflyt for desse pasientane. Sidan 2011 har vi arbeida med intern operasjonsflyt etter Namsosmodellen, noko som har gitt gode resultat. Vi har samarbeid med Ålesund om galle- og brokkoperasjonar, og opererer hhv ca 90 og 120 slike operasjonar årleg. Vi har hatt TEP som hovudmetode for lyskebrokk

sidan 2010. Vi gjer alle slags akuttkirurgiske inngrep, samt elektive benigne tarmreseksjonar, og utvalde kreftoperasjonar, dei fleste laparoskopisk. Her er standard proktologisk verksemd, vi har gjort HAL/RAR sidan 2005. I vårt helseforetak vert fedmeoperasjonar gjort både i Ålesund og Volda. Per i dag opererast tjukktarmskreft i Ålesund og Molde, endetarmskreft kun i Ålesund.

Det vanlege skal også gjerast godt, og vi har som målsetting å tilby oppdatert og moderne behandling. På eit lite sjukehus ser vi at vi lettare kan etablere effektive pasientforløp. Her er det lett å ta i bruk nytt utstyr og implementere nye teknikkar. Ettersom HMR samla sett har betydelege kapasitetsutfordringar, kan ein nok forvente fortsatt auke i kirurgisk aktivitet i Volda i åra som kjem. Gastrokirurgane deltek også i endoskopiverksemnda på huset, inkludert ERCP.



Figur 4: Frå operasjonsstova. Interessante inngrep også på små sjukehus!

### Samarbeid HMR

Alle 4 sjukehus i fylket er no slått saman i eitt foretak (HMR) og dei kirurgiske avdelingane fusjonerte i ei fellesavdeling. Dette har gitt tettare samarbeid mellom sjukehusa og meir hensiktsmessig arbeidsdeling. Det er etablert fagnettverk i HMR der kirurgane møtest regelmessig for fagutvikling.

### Rekruttering og framtida

Trass trugslar om nedbygging av tilbod i Volda gjennom mange år, har sjukehuset likevel heldt stand, og rekruttert godt, både lege-

spesialistar og spesialsjukepleiarar. Det som kanskje kjenneteiknar sjukehuset mest er ein svært flat struktur der alle vert inkludert.

Pauserommet på operasjon er ein attraksjon, ein sosial oase, der latteren sit laust og det som seg hør og bør på Sunnmøre er eit jamnt tilfang av nydelege kaker. Her et alle personellgrupper lunsjen sin saman. Den historiske konstante motvinden for sjukehuset har gradvis avtatt, og vi har siste åra merka ein lett medvind. Ja til og med optimisme! Vi har fått stortingsvedtak og regionale styrevedtak

om fortsatt full akuttfunksjon i overskodelig framtid. Nytt akuttmottak skal snart byggast, og det vil då bli frigjort betydeleg areal til fleire endoskopistover, poliklinikk og dagkirurgi. Vi har utvida det kirurgiske tilbodet, i eit stadig betre samarbeid med Ålesund sjukehus.

Om få år trur vi HMR kan ha etablert eit sjukehusstilbod i Volda som helseministeren kanskje heller skulle sjå til når han skal finne modellen for framtidens lokalsjukehus.



reddot design award  
winner 2017

### 3D – AN EXCITING TECHNOLOGY

- Better precision and accuracy
- Reduced operation time
- Personal well-being
- Shorter learning curve

LAPAROSCOPIC SURGERY



Figur 5: LIS lege Salthammer flyg frå Rotsethornet. Volda sentrum og Folkestadferga under.

# SEE BETTER

## AESULAP® 3D *EinsteinVision*® 3.0

AESULAP® - a B. Braun brand

B. Braun Medical AS | Kjernåsveien 13B | 3142 Vestskogen |  
Tlf.: +47 33 35 18 00 | Faks: +47 85 23 30 75 | www.bbraun.no